



**Masfjorden
kommune**



**Vedtekter og retningslinjer 2021
Kraftfondet**



VEDTEKTER FOR MASFJORDEN KRAFTFOND

Gjeldande vedtekter etter Kommunestyrevedtak den 2. desember 2021.

§ 1 Kraftfond - Heimel, kapital og avkastning

a. Fondskapitalen er:

Kraftfond på 1. million kroner, innbetalt av Bergenshalvøens kommunale kraftselskap(BKK) i medhald av punkt 12 i konsesjonsvilkåra for regulering og overføring i Matrevassdraget, oppretta ved kongeleg resolusjon av 11. desember 1964 og i medhald til punkt 2 i konsesjonsvilkåra for ytterlegare reguleringar og overføringar i Matre og Haugsdalsvassdraga i samband med bygging av Haugsdal kraftanlegg (Vemundsbotten kraftstasjon), gjeve med kongeleg resolusjon av 8. februar 1980.

b. Avkastning:

- Årleg konsesjonsavgift som vert innbetalt av Bergenshalvøens kommunale kraftselskap (BKK) i medhald av konsesjonsvilkåra for Matre- og Haugsdalsvassdraga.
- Renter og annan avkastning av fondskapitalen

Avkastninga kan nyttast til tilskot og/eller lån.

§ 2 Føremål

Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål. Fondet kan og nyttast til kommunale tiltak som tryggjer og aukar busetnaden i Masfjorden kommune.

Prosjekt som har til føremål å betra vilkåra for sysselsetjing av ungdom og kvinner bør prioriterast.

Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld eller til den daglege drifta av verksemder og kommunen.

Verksemder som mottar vesentleg overføringar frå statsbudsjettet bør ikkje prioriterast.

Fondet's midlar kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar.

§ 3 Former for stønad

Stønad gjennom kraftfondet kan gjevast i form av tilskot eller lån.

Vidare er det høve til å stilla garantiar for kommunale tiltak i den grad desse er gyldige garantiføremål Etter kommunelova § 14-19 og føresegnene for kommunale garantiar.

Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private bedrifter. Dersom kommunen teiknar aksjar, kan ikkje dette utgjere meir enn 30% av aksjekapitalen i bedrifta. Denne avgrensinga gjeld ikkje utviklingselskap, utleigebygg o.l. som kommunen etablerer i samarbeid med private interesser.

Det er ikkje høve til å søkje om støtte til same prosjekt kor kommunen har fatta vedtak tidlegare

Tilskot gjennom kraftfondet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av varige driftsmiddel/ verksemd/ tilskotgrunnlag for dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i høve til den tid som er gått – til dømes vil sal etter 3. året tilseie at kommunen skal ha tilbakeført 2/5 av tilskotet.

§ 4 Forholdet til internasjonale plikter på statsstøtte området

Bruken av kraftfondet skal vera i samsvar med det internasjonale reglane Noreg har slutta seg til på statsstøtte område (dvs. EØS-avtalen sitt regelverk for offentleg støtte).



§ 5 Vilkår for stønad

Samla finansiering frå kraftfondet til private nærings tiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt.

Ved bedriftsutvikling kan det gjevast inntil 50% finansiering til prosjekt som har særleg verknad for ungdom og kvinner, og ved nyetablering kan det gjevast inntil 50% støtte”.

Stønad (tilskot og eventuelle subsidiar i samband med lån med redusert rente) skal vere avgrensa til: Maksimal stønad må liggje innanfor ei samla grense på 100 000 ECU (omrekna i høve til referansekurs fastset av ESA - EFTA overvakingsorgan kvart år) til ei og same bedrift i ein tre års periode.

Bedrift som mottar stønad plikter å opplyse om bagatellmessig stønad bedrifta har motteke dei siste tre åra.

- Bagatellmessig stønad kan gjevast alle bedrifter uavhengig av storleik
- Det kan gjevast bagatellmessig stønad til alle typar kostnader og næringar, unnateke stønad til primær stålproduksjon, skipsbygging, transport og eksport

Dersom fondsstyre i kommunen ynskjer eit kraftfond utan avgrensingane som reglane om Bagatellmessig stønad gjev, må kommunen sjølv ordne med at tiltaket vert meldt til Nærings- og fiskeridepartementet, via Kommunal- og moderniseringsdepartementet i samsvar med Lov om offentleg stønad § 2.

§ 6 Forvaltning

Kommunestyret nemner opp styre for kraftfondet. Kraftfondsstyret er for tida identisk med formannskapet. Styret kan delegera avgjerdsrett til administrasjonen etter nærare gitte fullmaktsgrenser. Slik mynde kan ikkje gå ut over dei avgrensingar som følgjer av kommunelova sine reglar og dei kommunale budsjett- og rekneskapsføresegner.

Fondsmidlane skal plasserast på rentebærande konto, slik at midlane til ei kvar tid er til rådvelde.

Rente og avdrag utlån skal attende til kraftfondet. I særlege høve kan Kommunestyret gjera unntak for heile eller deler av renta. Annan plassering av fondsmidlane kan berre godtakast dersom dette ikkje er til hinder for at midlane kan disponerast til ei kvar tid.

Når det gjeld høve til å klage på avgjerder syner ein til kap 27 i kommunelova (lovlegkontroll) og forvaltningslova § 28 andre ledd (klage på enkeltvedtak).

Klagefrist er 3 - tre - veker etter at vedtaket er gjort.

§ 7 Årsmelding

Det skal leggjast fram ei melding om kraftfondet si verksemd for kommunestyre kvart år.

§ 8 Godkjenning av vedtektene

Kommunestyre skal gjera vedtak om endring av vedtektene.



RETNINGSLINER FOR BRUKEN AV KRAFTFONDET

Til § 1 Kraftfond - Heimeleg, kapital og avkastning

Grunnkapitalen på kr. 1.000.000,- vert plassert i bank eller finansinstitusjon på best mogleg vilkår.

Midlar frå kraftfondet kan setjast av til garantifond, når det vert gjeve garanti for kommunale tiltak. Styret for kraftfondet kan gje garantiar for opp til kr. 500.000,- av fondskapitalen. Vilkåret er at garantien er gyldig etter kommunelova § 14-19.

Til § 2 Føremål

Det overordna målet med å bruka kraftfondet er å bidra til sikring og vidareutvikle eksisterande verksemdar, fremja etablering av nye verksemdar og å sikra og auka busetnaden i kommunen.

Som del av kommuneplanen skal det lagast ein eigen næringsplan. Denne skal gje grunnlag for prioritering av prosjekt. Næringslivet i kommunen bør trekkjast aktivt med i utarbeidinga av ein slik plan. Planen skal innehalde strategiar for kommunen sin kvinne- og ungdomsretta tiltaksarbeid.

Eksempel på prosjekt som kan få stønad:

- **Kommunalt tiltaks- og næringsarbeid**
til dømes: næringsplanlegging, etableringsprosjekt, samarbeid
skule/næringsliv og stadutviklingsprosjekt.
- **Fysisk tilrettelegging for næringsverksemd**
til dømes: kommunal tilrettelegging av næringsarealer, fysisk stadutvikling,
infrastruktur for reiseliv, vassforsyning.
- **Bedriftsutvikling**
til dømes: etableringsstipend, opplæring, produktutvikling, marknadsføring,
marknadsundersøking og planlegging.
- **Investering i bedrifter**
til dømes: utstyr, maskiner og bygningar ved oppstart og utviding av bedrifter.
- **Ungdom, utdanning og arbeid**
til dømes: Støtte til private verksemdar som tek inn lærlingar i yrkesretta fag.

Beløpsgrenser for støtte gjennom kraftfondet;

- Bedriftsutvikling kr. 50.000,-
- Investeringar kr. 250.000,-
- Utlån kr. 500.000,-

Kraftfondet er først og fremst retta mot støtte til mindre næringsprosjekt.

Kraftfondet kan og nyttast til utbygging av kommunale fellestiltak som kommunikasjonar, barnehagar, skular, helse- og sosialinstitusjonar, samfunnshus og idrettsanlegg. Til desse formåla kan fondet nyttast til støtte investeringar, ikkje drift. Kommunen bør prioritere kraftfondet til direkte næringsutvikling framfor denne typen kommunale fellestiltak.

Ved ein eventuell samfinansiering med midlar frå andre støtteordningar, kan samla offentleg stønad ikkje overstige stønadsdel som er fastset i § 5.



Tiltak som ikkje skal gjevast stønad over kraftfondet:

- Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld i private bedrifter. Dette set ikkje hindringar for at kraftfondet kan nyttast til refinansiering av ei bedrift etter føreteke gjeldssanering.
- Det kan heller ikkje gjevast stønad til løpande drift av kommunen. Unnateke løn til næringsarbeid, som kan finansierast av fondet. Vidare kan det gjevast stønad til ekstraordinære kommunale tiltak som i utgangspunktet er lagt til andre forvaltningsinstansar som for eksempel Einekavane AS.
Avdrag på lån vert ikkje rekna som løpande drift av kommunen.
- Transportmiddel (bil, varebil, lastebil, traktor etc.) fell i utgangspunktet utafør det som kraftfondet gjev støtte til.
 - Hus/fritidshus (kommunen har eigen støtte ordning for oppføring og kjøp av hus, kjøp og utleige av hus/hytte fell utafør det som kan gjevast støtte frå kraftfondet.
 - Infrastruktur kan vurderast

Ut over dei prioriteringar som er gjort i strategisk næringsplan, bør all næringsverksemd likestillast. Kommunen bør derimot ikkje gje stønad til næringsverksemd som mottar store overføringar over statsbudsjettet.

Til § 3 Former for stønad

- a. Stønad til nyetableringar skal i hovudsak gjevast som tilskot eller lån på visse vilkår, under dette ansvarleg lånegjeld. Storleiken på tilskota og/eller lån skal vurderast ut i frå samla kapitaltrong og tilgang på andre distriktpolitiske verkemiddel.
- b. Garantiar kan berre gjevast dersom desse kan godkjennast etter kommunelova § 14-19.
- c. Kraftfondet bør ikkje nyttast til å teikne aksjar og andeler i privat næringsverksemd.
Kommunen kan fort komme i ein uheldig dobbelrolle som ansvarleg for både investering/drift og tilskot/lån.

Til § 4 Forholdet til internasjonale plikter på statsstøtte området

og § 5 Vilkår for stønad

Ei øvre ramme for stønadsbeløp pr. prosjekt må haldast innafor dei maksimale rammene som følgjer av ESA statsstøttereclar. Gjennom EØS- avtalen har Noreg forplikta seg til å avstå frå å yte konkurransevriane offentleg stønad til næringslivet i den grad stønaden påverkar samhandelen mellom EØS- landa. Definisjonen offentleg stønad dekkjer stønad gjeve frå offentlege kjelder anten desse er statlege, fylkeskommunale eller kommunale. Reglane om offentleg stønad vil derfor regulere bruken av kraftfond når fonda nyttast til stønad til bedrifter. Stønad til prosjekt i kommunal regi, som nærings- og tiltaksprosjekt og infrastrukturprosjekt fell ikkje inn under reglane om offentleg stønad. Sentralt i reglane om offentleg stønad er kravet om stønadsordningar skal meldast inn og/eller eventuelt notifisert av EFTA's overvakingsorgan. I Noreg samordnar Nærings- og handelsdepartementet slik innmelding til overvakingsorganet. Innafor godkjent stønadsordning vil det normalt ikkje vere nødvendig å melde inn enkeltvedtak om stønad.

Kommunen har under § 5 i vedtektene for Masfjorden kraftfond gått inn på bagatellmessige stønadsordningar. Bagatellmessige stønadsordningar skal meldast til ESA, og krev ingen årleg rapportering.

Reglane om bagatellmessig stønad seier at ei bedrift kan motta inntil 100.000 ECU (omrekna i høve til referansekurs fastset av ESA - EFTA overvakingsorgan kvart år) til ei og samme bedrift i ein tre års periode frå det tidspunkt ei bedrift er tildelt bagatellmessig stønad. Ein må difor ta omsyn til all tildelt bagatellmessig stønad for ei bedrift innafor siste tre års perioden og som er blitt definert som bagatellmessig stønad. Det kan gjevast bagatellmessig stønad til alle typar kostnader og næringar, unnateke støtte til primær stålproduksjon, skipsbygging, transport og eksport.

Med stønad til eksport tenkjer ein på, stønad som kan koplast direkte til mengde eksporterte varer frå bedrifta, etablering og drift av eit distribusjonsnettverk.

- Det kan gjevast stønad til følgjande tiltak i samband med eksport:
- Rådgeving for identifisering av bedrifta sine behov og val av tenester
- Kompetansegejevande tiltak
- Utarbeiding av eksportmarknadsplan
- Studiar eller konsulenttenester som vil vere nødvendig for å lansere eit nytt produkt eller eit eksisterande produkt på eit ny marknad
- Marknadsundersøkingar/innhenting av marknadsinformasjon
- Deltaking på messer



Lån frå kraftfondet skal sikrast med pant i fast eigedom, leigerett med driftstilbehøyr, maskiner eller salspant.
Rente på lån frå kraftfondet skal følgja Husbankens lågaste flytande rente

Til § 6 Forvaltning

- b. Formannskapet er styre for kraftfondet, og vert delegert avgjerdsmynde i alle saker. Formannskapet kan vidare delegere mynde til rådmannen. Søknad om tilskot over kr. 100.000 og lån over kr. 200.000,- skal likevel handsamast av kommunestyre.
- b. Søknader kraftfondet skal skje elektronisk – skjema finn ein på kommunen si heimeside på internett www.masfjorden.kommune.no og alle søknader vert å sende postmottak@masfjorden.kommune.no. Saksførebuinga til styret for kraftfondet skal delegert til rådmannen. Rådmannen kan intern delegere mynde
- c. Alle søkjarar til kraftfondet skal verta invitert til kraftfondsstyret eller Kommunestyret for å få presentert sin prosjekt/forretningsideen sin.
- d. Etter tre år skal søkjar som har motteke lån/tilskot få eit evalueringsskjema der dei vurderer kommunen sin medverknad i høve til lån eller tilskot og kva servicenivået har betydd for dei.
- e. Budsjett og rekneskap skal integrerast i kommunen sitt økonomisystem i samsvar med gjeldande føresegner. I tillegg forutset ein at det vert utarbeid eit vedlegg til rekneskapen med ein samla oppstilling av kraftfondet sine inntekter og utgifter. I budsjettet skal Kommunestyret konkretisere sum frie fondsmidlar til tildeling i form av hhv. lån og tilskot
- f. Mindretalet i kraftfondsstyret kan bringe organet sitt vedtak inn for kommunestyre

Til § 7 Årsmelding

Kvart år skal det leggjast fram for kommunestyret ei melding om bruken av kraftfondet.

Årsmeldinga for kraftfondet skal innehalda:

- Rekneskap
- Oversyn over prosjekt
- Analyse over korleis fondet er nytta sett i høve til prioriteringa i strategisk næringsplan
- Trong for endringar i prioriteringar/retningslinjer for bruken av kraftfondet for neste år